

An abstract painting with a vibrant, multi-colored background of yellow, green, blue, and red splatters. In the center, a butterfly with dark wings and a white spot is perched on a green stem. Below it, a skull is depicted in shades of green and blue. The overall style is expressive and textured.

# VOSSA JAZZ

22.-24. mars 2024

Rapport





FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

## RAPPORT VOSSA JAZZ 2024

### Vossa Jazz vart skipa i palmehelga for 51. gong!

I løpet av festivalen fann 49 tilskipingar stad der i alt 38 band medverka med 229 musikarar, av desse var 25 studentar frå Griegakademiet i Bergen og Jazzlinja ved NTNU i Trondheim. I tillegg deltok studentar ved Ole Bull Akademiet, born frå kor i Vangskyrkja og på Vossestrand, elevar frå Voss gymnas og Voss Folkehøgskule. Saman sytte desse flotte artistane for fine musikalske opplevingar. Det var 7891 betalte konsertbesøk.

Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen totalt om lag 12 500 arrangementsbesøk.

197 knallgode medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz 2024 gjekk på skjener.



FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

Vossa Jazz sin profil femner om jazz, folkemusikk og verdsmusikk.  
Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar.  
Tradisjonen tru opna festivalen med nyskriven tekst, denne gongen av og med Kjartan Fløgstad.  
Han vart introdusert av kulturminister Lubna Jaffery.



*Eg hadde gått på dans og fått meg eit glas  
Det var på Park Hotel under Vossa Jazz  
Dei strauk meg mjukt som eit instrument  
Då var eg fortapt, då var elden tent*

*Lat meg seia at  
Slik før dag blir natt  
At musikken den finn stad i  
Ein landsdel eg er glad i  
Slik som jul og 1.mai  
Som ein ferdigscora goal  
Slik som påske og oppstandelse  
Slik som bryllaup og begravelse  
Konfirmasjon og dåp  
Det finst alltid eit håp*

FRÅ OPNINGSTALEN TIL KJARTAN FLØGSTAD, «EIN GOD DAG»

## NYSKAPANDE

### Nye produksjonar og urframføringar i 2024

- **Hanna Paulsberg: Tingingsverket** «Do you want my job?»  
(komponiststønad frå Kulturdirektoratet)
- **Gabriel Fliflet: «I lys loge»**  
(komponiststønad frå Kulturdirektoratet og Norsk Komponistfond)
- **Badnajazz: «Hala og Pappa»**, eit samarbeid med Senja Barnefestival  
(stønad frå Komponist- og Tekstforfatterfondet og Kulturrådet)
- **Bergen Big Band med Shannon Mowday** «Colorful houses»  
(komponiststønad frå Kulturdirektoratet og Norsk jazzforum)





*Hanna Paulsberg er ein sogeforteljar utan like, og ho er sin eigen oppdragsgjevar. Kva er essensen i det ho spelar? Ho toneset ikkje noko mindre enn sjølvne håpet. Som instrumentalist og improvisator har ho late seg inspirera av ei jazzsoge spekka med nyskapingar på tenorsaksofonen, men det ho spelar er doggfriskt og dagsaktuelt. Sogene til Paulsberg peikar i sum på ein veg ut av uføret.*

LARS MOSSEFINN, SALTPEANUTS.EU

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

## TINGINGSVERKET

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket. Det 43. verket hadde tittelen «Do you want my job?» og var komponert av Hanna Paulsberg. Verket vart skrive for saksofon, gitar, bass og trommer, og var 75 minutt langt.

*Hun har også uttalt at hun ville gjøre det «enkelt uten noe dilldall,» og hadde derfor valgt å begrense bandet til fire medlemmer – og de var uklanderlig samspilte.*

MAJA SKANDING, BERGENS TIDENDE

*Alle elsker Hanna Paulsbergs tone i tenorsaxen, jeg er blant hennes mange fans enten det er hudløse pfffffft-luftstøt eller mer episke linjer hun kommer med – og hun har med årene vist seg å være en glimrende låtskriver.*

*Når hun i tillegg kom med noe i bestillingsverk stadig sjeldnere format som en skarve kvartett, var det grunn til å tro på suksess. Ikke for mye rot, liksom. Hun har snakket om ideen bak det snodige navnet «Do Yoy Want My Job?» i intervjuer og en programtekst, men jeg synes noen kunne tatt seg bryet med å si noen ord om det også før denne konserten.*

*Soundmessig var det klare hint til prærie og ikke minst øde amerikanske landeveier, men hele cowboy-estetikken forsvant noe. Kanskje man kunne hatt noen nøkterne visuals her? Men, for all del: det at hun har barndomsminner av å høre musikerfaren sin spille CD-en med rootsrockbandet Little Village fra 1992, kom også ut i flere av låtene. Spesielt da gitarist Viktor Wilhelmsen, som har jobbet med nordsamisk joik, ørkenbules og jazz, dro frem sliden og sin indre Ry Cooder. Dan Peter Sundland på en halvakustisk bass bidro med særegen bunn til helheten, det blir litt ekstra jazz av det, og det var varmende ekspertpiking på det store trommesettet av Erik Nylander. De låt som et band, rett og slett, og mer som de spilte sin kommende LP enn at det var et overambisiøst verk. Det var stor-suksess, tidvis var det virkelig store norske naturfølelser i klasse med Brunborg, Garbarek og Hofseth – men mest av alt var det naturlig gripende og nedpå toner der Paulsberg fikk ut sin indre bygdejente.*

AUDUN VINGER, JAZZNYTT

*Det heng høgt å få tingingsverket på Vossa Jazz i oppgåve. Det er ei imponerende liste med jazzmusikarar før meg som har gjort det. Nokre har jo fått sitt store internasjonale gjennombrot etter denne oppgåva, men eg har ikkje slike ambisjonar. For meg er det nok berre å reisa rundt i Noreg og spela.*

HANNA PAULSBERG TIL AVISA HORDALAND



Medverkande:

**Hanna Paulsberg** komposisjonar, tenorsaksofon,  
**Viktor Wilhelmsen** gitar, **Dan Peter Sundland** el-bass,  
**Erik Nylander** trommer, **David Solheim** lyd.





FOTO: ANDERS FLATLANDSMO

### Gabriel Fliflet

Gabriel Fliflet leverte eit nyskrive prosjekt med tittelen «I lys loge.» Fliflet tok oss med inn i varmen frå leirbålet med ein songsyklus, der tekstane var skrivne av Kjartan Fløgstad og musikken laga av Fliflet.



FOTO: ANDERS FLATLANDSMO

Medverkande:

**Gabriel Fliflet** komposisjonar, trekkspel, piano, vokal, **Susanne Lundeng** fele, vokal, **Jørgen Sandvik** gitar, vokal, **Per Jørgensen** trompet, perkusjon, vokal, **Anders Bitustøyl** bass, vokal



*Sjølvsagt blei det langvarig trampeklapp, og bandet kvitterte med å spela publikum ut i foajeen.*

LARS MOSSEFINN,  
SALTPEANUTS.EU

FOTO: ANDERS  
FLATLANDSMO





### Badnajazz: «Hala og Pappa»

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

Rasmus Rohde og Marthe Valle har skrive eit tingingsverk til Vossa Jazz i samarbeid med Senja barnefestival. Konserten handla om å måtta laga seg eit nytt liv på ein framand stad, sjølv når ein eigentleg ikkje vil, om det å måtta læra om andre sine liv, språk og kulturar – og om kor fint det kan vera å finna seg sjølv i eit nytt og uventa fellesskap.

Medverkande:

**Rasmus Rohde** komposisjon, tekst, gitar og vokal **Marthe Valle** komposisjon, tekst, vokal og tangentar  
**Annlaug Børnheim** fele, gitar **Nawar Alnaddaf** oud **Nasra Ali Omar** perkusjon

### Rasmus Rohde



### Marthe Valle



FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

*Når Alvoret likevel ikkje blir for tyngande, heng det saman med den leikne og fengjande musikken og dei fargerike illustrasjonane publikum heile tida kunne følgja med på. For ikkje å snakka om det heimesnekra og superspennande slagverket til Nasra Ali Omar, eller det imponerande Badnajazz-koret som verkeleg briljerte – og hausta velfortent trampeklapp!*

VOSSAJAZZ.NO





FOTO: VOSSA JAZZ

### Bergen Big Band med Shannon Mowday: «Colorful Houses»

Eit tingingsverk for Bergen Big Band med urframføring på årets Vossa Jazz. Mowday sitt verk for BBB har fått tittelen «Colourful Houses», og trekkjer trådar frå dei fargerike husa på Bryggen i Bergen til det minst like farge-sprakande området Bo-Kaap i Cape Town der ho sjølv vaks opp.

Medverkande:

**Shannon Mowday** komposisjon, altsaksofon, barytonsaksofon, kontraaltklarinet, **Hans Marius Andersen** trompet, **Svein Henrik Giske** trompet, **Are Ovesen** trompet, **Børge Styve** trompet, **Håvard Sannes** trombone, **Jørgen Bjelkerud** trombone, **Pål Roseth** trombone, **Tore Bryne Berg** trombone, **Michael Barnes** saksofon, **Heidi Kvelvane** saksofon, **Elisabeth Lid Trøen** saksofon, **Morten Norheim** saksofon, **Thomas Nøklung** saksofon, **Dag Arnesen** piano, **Ole André Farstad** gitar, **Ivar Kolve** vibrafon, **Toivo Fjose** bass, **Sidiki Camara** ngoni, balafon, djembe, afrikansk perkusjon, **Øyvind Skarbø** trommer

*Fest-finale acts on the evening of March 24 included a welcome return of the ever-taut and venturesome Bergen Big Band – heard here in past years fronting Marius Neset, Django Bates and others.*

*This year, the spotlight and new book of charts came thanks to the impressive saxophonist and whip-smart big band composer Shannon Mowday, from South Africa by way of Norway.*

*Let it be noted that, among other virtues on the menu in Voss this year, gifted women were well-represented.*

JOE WOODARD, DOWNBEAT MAGAZINE

*Shannon Mowday sitt tingingsverk «Colourful Houses» vart den perfekte avrundinga på festivalhelga, med energirike storbandarrangement framført av det ævelege Bergen Big Band. Med festlege rytmar og stilriktige soloar var det ingen grunn til å duppa i den mjuke kinostolen, og sjølv etter ei lang konserthelg vart det full sal og stor jubel blant publikum søndag kveld.*

VOSSAJAZZ.NO

*Mowday har hatt tilhold i Norge de siste femten årene, og uten å ha blitt altfor kjent blant allmuen har hun bidratt med viktige og interessante tanker og kunstneriske impulser. Hun er også en strålende saksofonist i alle mulige varianter av instrumentet, og en komponist som bidrar med en litt annen rytmikk og tonesprang enn hva vi er vant med – og har godt av. Hun hadde mange kasseroller på kok samtidig, og dirigerte og spilte og snakket og holdt på. Men hun beviste denne kvelden at hun kan – og bør – kunne skrive for de aller største i norsk musikk i dag. Alle festivaler og bestillingsverk, kom med dem.*

AUDUN VINGER, JAZZNYTT



FOTO: ÅDNE DYRNESLID, VOSSA JAZZ



## PARK HOTEL VOSSEVANGEN

Hotellet husar fire scener med Vossasalen, Jazzklubben, Pentagon og Café Stationen.

**JAZZKLUBBEN** var fullsett på kvar einaste konsert og på fredag starta **Emmeluth's Aboeba** ballet. Etterpå følgde den amerikansk/norske trioen **Murray / Håker Flaten / Nilssen-Love** opp med eksemplarisk jazz. Seinare på kvelden fekk det norsk/svenske stjernelaget **I.P.A.** runda av det heile.

Laurdag var det atter duka for høg kvalitet då **William Parker** med sin trio **Mayan Space Station** leverte briljant, kraftfull musikalsk energi. Bassist **Ole Morten Vågan** og det nye bandet hans, **Mirror Image** sette stemninga for kvelden med ein forrykande konsert. Deretter fekk me ei heidundrande avslutning av ein konsert med dei uredde, sprelske og humørfylte karane i det dansk/norsk/islandsk/svenske kollektivet **Horse Orchestra**.



FOTO: RUNHILD HEGGEM

*Parker er utvilsomt en musikalsk mester, men i sannhet for et nisjepublikum, selv i jazzland. Her ble han tatt imot som en gigant. Konserten ble da også transcendent. Trioen spilte en spirituell, rocka form for americana-fri jazz der Mendozas nyanserte gitarspill vekselvis opplevdes som en lydlig, mystisk tåke eller som en jetmotor, der nesten Rypdalske skjær skjøt ut mot himmelhvelvet og bortenfor. Det rytmiske var i stadig bevegelse, men Parker elsker groove, og han har en unik evne til å grave fram slike i de uroligste omstendigheter, her med Cleaver som behendig medhjelper. Med like stor selvfølgelighet skiftet de modus, og fanget spenningsmomentet på ny. Basslyden var i de dypeste toner et gulvrivende drønn jeg ikke kan huske å ha hørt maken til i et slikt lokale. Klapp på skuldra til både lydmann og «Iron Fingers» Parker selv.*

CHRIS MONSEN, KLASSEKAMPEN

*Mitt største «kick» under festivalen, og jeg var tydeligvis ikke den eneste til å mene det, var dog Ole Morten Vågans gruppe Mirror Image. En glimrende oktett med tre treblåsere, vokal, fiolin, perkusjon og trommer – samt Vågan sjøl som markant leder, med bestemt bassing og dirigerende utrop. Dette var heftig jazz tuftet på en saftig miks av blant annet amerikanske, nordiske og sørafrikanske tradisjoner, der medrivende blåserriff både innledet soli og fungerte som suggererende samlingspunkt. Trommer og perkusjon egget hverandre, og Vågans brummende kontrabass var en fyndig pådriver. Og publikum, mange av dem av den yngre garde, tok til å hoie og hyle som under ingen annen konsert jeg så denne helga. Eller som jeg noensinne har sett på en jazzfestival, egentlig. En fest av et band!*

CHRIS MONSEN, KLASSEKAMPEN



FOTO: MATHILDE LINDSTAD MOVIK, VOSSA JAZZ





Horse Orchestra

FOTO: ÅDNE DYRNESLID, VOSSA JAZZ

*Når gutta i ultra-skandinaviske Horse Orchestra får somla seg opp på scenen i både kjole og sokkelesten, og finner opp ned på instrumentene klemmer de til en med skikkelig fanfare på et knapt minutt hvor samtlige horn blir blåst i med full kraft. Det er ingen tvil, festen er herved åpnet!*

JAN GRANLIE, SALTPEANUTS.EU



Aksel Røed

FOTO: VOSSA JAZZ

**I PENTAGON** fredagskvelden presenterte me **Aksel Røed** sitt nye band **Død Sjø** til publikums store glede. **Trøen/Arnesen Quartet** kom seg til slutt til Voss og kunne opna jammen denne kvelden.

På jammen laurdagskvelden fekk me høyra trommeslagaren **Ole Mofjell & 3 Days of Maceation** som svinga noko heftig og spelte opp til kveldens jam session.

**I CAFÉ STATIONEN** kunne publikum på fredag kveld ta seg ein svingom til musikk av **DJ Live Sollid**.

Laurdag var det **DJ Bård Berg** som spelte opp til dans.

*Med Even Helte Hermansen på gitar og rytmeseksjonen fra Spidergawd (med mere) Kenneth Kapstad og Hallvard Gaardløs sto det i kortene at dette skulle bli full bombing med typisk norsk rullende jazzrock. Men den gang ei, dette var en stor opptur, svært gode vibes, nedpå stemning, deilige grooves, besnærende gitarlyder fra tilbaketrucken Even, levende bassganger som var på spasertur, trommespill som ikke overskygget de andre – og en Røed som virkelig begynner å stige frem med en utsøkt tone her, spesielt på tenoren.*

AUDUN VINGER, JAZZNYTT



*Dette er et steg  
på en reise som  
kan føre langt.*

JOHAN HAUKNES,  
SALTPEANUTS.EU

*An impressively  
distinctive  
project with  
echoes of Bjork's  
artrocking  
ventures.*

JOE WOODARD,  
DOWNBEAT  
MAGAZINE



Øyunn - Aspects, opningskonsert

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

## VOSSASALEN

Øyunn med prosjektet «Aspects» stod for opningskonserten etter at me hadde fått ei helsing frå kulturminister **Lubna Jaffery** og **Kjartan Fløgstad** offisielt hadde opna den 51. festivalen. Aspects er ei førestilling med rundt 15 sekvensar med ei blanding av tekstar, film og musikk, og var urframført på Ultima-festivalen i 2022.



Gabriela Garrubo



Resjemheia

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

**Gabriela Garrubo** hadde med seg eit dyktig band fredag kveld og imponerte med smakfulle brasilianske tonar. Ved midnatt toga **Resjemheia** inn på scena og heldt det gåande inn i natta. Laurdag tok **Nelly Moar** Vossasalen med storm, før **Best Western Swing** sette eit forrykande punktum laurdagsnatta. Sundag avslutta festivalen med vokallegenda **Karin Krog & The In Between Times** før perkusjon og strengeensemblet **ARAS** avslutta heile festivalen med ei vakker landing.



Karin Krog

FOTO: ANDERS FLATLANDSMO, VOSSA JAZZ

*Karin Krog & The In Between Times, with Terje Gewalt (double bass) and Staffan William-Ölsson (guitar), she digs deep – Krog has been performing since the mid 1950s, recording since 1963 and made her first album in 1964. She has interpreted standards, issued pop-inclined material, made challenging records with treatments of her vocals, embraced synthesisers with her musical and life partner John Surman. Musically, she has gone anywhere she has fancied. Here, the 14-song set found her stepping away from the challenging – though dizzying, chirruping effects on her voice were employed during the Surman-penned «Dream Dancing». It began with a delicate interpretation of Rodgers and Hart's 1930's composition «My Romance» and ranged though warm readings of Joni Mitchell's 1971 track «All I Want» and Stan Getz's «Don't Get Scared». A fantastic performance – with Surman on stage for four songs of the latter part of the set – and a privilege to see this giant of Norwegian culture.*

KIERON TYLER, THE ARTS DESK





Laurdag tok **Nelly Moar** Vossasalen med storm.

FOTO: EMILIE OPSTAD, VOSSA JAZZ



**Best Western Swing** sette eit forrykande punktum på laurdagsnatta i Vossasalen.

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ





FOTO: ANDERS FLATLANDSMO, VOSSA JAZZ

### GAMLEKINOEN

Gamlekinoen er ei viktig scene for festivalen. Me serverer konsertar i storsalen og i foajeen, og ute er det kafé med sal av lokalprodusert mat frå Vossakjøt og blant anna festivaløl frå Voss Fellesbryggeri.

Heile festivalen starta denne gongen med den tradisjonelle konserten med **Jazzlinja i Trondheim**, denne gongen med namnet «**TELL US**». Nytt av året var å ha konserten i den store salen i Gamlekinoen, og det med rette. Salen var så godt som fullsett då studentane frå Trondheim entra scena.

Fredag kveld var det urframføring av **Gabriel Fliflet** sitt nye verk, **I lys loge**, der heile bandet imponerte med song rundt det som skulle vera ei samling rundt leirbålet. Deretter fekk me saksofonvirtuos **Marius Neset Quintet**, som leverte eventyrlyst, uventa rytmar og brå taktvendingar, denne gongen med ny besetning for anledninga.

*Arguably, Neset is one of the strongest and most fascinating young tenor players anywhere, with easy technical command and, more importantly, a ready flow of musical ideas and sure sense of how to build and shape a solo. His compositions also fascinate, often finding a happy medium of progressivism-odd meters, tricky turns and a prevailing melodicism. It's a rare gift and balancing act that he pulls off.*

JOE WOODARD,  
DOWNBEAT MAGAZINE




FOTO: INGVLID BURØ, VOSSA JAZZ





Shamania

FOTO: ANDREAS MØRLAND, VOSSA JAZZ

Laurdag formiddag var det duka for studentar frå **Griegakademiet** under leiing av **Magne Thormodsæter**. Dei presenterte ein flott konsert for dei mange som hadde teke turen til foajeen i Gamlekinoen. Laurdag kveld hadde ein så godt som fullsett sal kome for å oppleve **Marilyn Mazur** sitt band **Shamania**.

Som siste konserten i Gamlekinoen på laurdag fekk me servert verket «**Graosido**» av **Knut Kvifte Nesheim med OJKOS**. Dette er første gong ensemblet med base i Oslo, drive av Østnorsk Jazzsenter er på Vossa Jazz. «Graosido» er eit verk skrive av Kvifte Nesheim, som omhandlar hans minne frå ei rekke feriar på Voss, kor utsikta til Graosido sit godt fast i minnet.



OJKOS

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

*Verket Graosido blei strålende framført i Gamlekinoen laurdag kveld, til ein halvfull sal. Fleire burde ha fått med seg dette.*

JOHAN HAUKNES,  
SALTPEANUTS.EU

Sundag formiddag var det klart for ein hyllingskonsert til Grete Skarpeid med tittelen «**Til Grete**» presentert av **Aruán Ortiz og Rob Waring**. Dei hadde med seg **Berit Opheim** som gjest. Det heile starta med **d'kor**, koret Grete leia i over 20 år. Saman med nokre klipp frå den komande filmen om Grete og Aruan, og gjennom samtale med Aruan og filmskapar **Vigdis Nilsen** fekk me eit innblikk i livet til Grete. Ei rørende historie og ei fin stund.



«TIL GRETE»

FOTO: ANDERS FLATLANDSMO, VOSSA JAZZ

*Det Grete Skarpeid fekk til saman med Aruán Ortiz og banda han sette saman, er prov godt nok. Ho hadde mykje ugjort og hadde gjennomføringskraft.*

LARS MOSSEFINN,  
SALTPEANUTS.EU



FOTO: LINA NAVARRO, VOSSA JAZZ

*Arrangementa var komplekse og utfordra dei to både som instrumentalistar og improvisatorar. Berit Opheim kom på scenen med *The Sun Is Sinking*. Ho er rå på tekstformidling. Ho fullfører kvar verselinje med stålkontroll, men ingen var i tvil – det var ei rørt Berit Opheim som stod på scenen og hylta den gode venen sin. Waring og Ortiz leika seg med kollektiv improvisasjon, og tankane gjekk til sjølv referanseduoen, Chick Corea og Gary Burton.*

LARS MOSSEFINN, SALTPEANUTS.EU



*Sundag kveld var det klart for ei flott urframføring av Shannon Mowday sitt tingingsverk til Bergen Big Band. Prosjektet Colourful Houses framført i Gamlekinoen, set danseføter og andre lemmer i aktiv, og til tider heftig, rørsle. Det er ein kaleidoskopisk dans med mange dimensjonar, som også set sinn og tanke i heftig sving. Og det svingar særst godt i Gamlekinoen.*

JOHAN HAUKNES, SALTPEANUTS.EU

*Det var avansert festmusikk, møter på tvers av kulturer, feiring av forskjeller og likheter, bundet sammen av gripende og sterke og forståelige appeller fra Mowday mellom låtene, der spesielt historier om musikere som arbeidet under apartheid-tiden gjorde inntrykk. Jeg var slettes ikke alene om å gå ut derfra ganske så blank i øynene. Hvilken triumf – for Mowday, for musikerne, for publikum og for oss alle.*

AUDUN VINGER, JAZZNYTT



FOTO: VOSSA JAZZ

*Ein fin start på ein lang dag med konsertar.*

CHRIS RISVIK,  
SALTPEANUTS.EU

Air Play



FOTO: ÅDNE DYRNESLI, VOSSA JAZZ

Air Play



BOI AKIH



FOTO: EMILIE ØPSTAD, VOSSA JAZZ

## OSASALEN

Konsertrekka i Osasalen på Ole Bull Akademiet opna med ei sjelfull og leiken oppleving i akustisk landskap presentert av **Air Play** laurdag formiddag. **BOI AKIH**, ein nederlandsk duo, følgde opp med ein kraftfull og energisk konsert. At vokalisten Monika Akihary fekk den nederlandske Boy Edgar-prisen i 2023 kan me godt forstå.

Sundag serverte den multi-europeiske trioen **Karja/Renard/Wandinger** ein perfekt start på festivalens siste dag, før **Maridalen** presenterte den nye plata si for oss i konsertformat.



Karja/Renard/  
Wandinger Trio

*Den audmjuke trioen går rett på sak og byggjer tempoet og volumet veldig opp, så om du gløymde kaffi i dag så treng du dette neppe lenger. Akkurat når ein trur fyrste låten er over og ein nesten var klar for ein applaus, er dei i gang med nok ein runde heseblesande spel. Det er uføreseieleg og umiddelbart. Ein konsert som vrir seg frå dei aller minste lydane til dei aller største. Og som vanleg er lyden fullstendig upåklageleg i Osasalen.*

CHRIS RISVIK, SALTPEANUTS.EU

*Med sin forsiktige, varme og intime sound, med kammerklagen av kontrabass, trompet og saksofon/klarinet, har de virkelig truffet noe. Også langt utover jazzmiljøene. Det er vellydende, fin musikk rett og slett. Og med found sounds fra Oslomarka som ekstra pirrende krydder.*

AUDUN VINGER, JAZZNYTT



Maridalen



## VOSS KULTURHUS

Dette vart brukt som lokale for badnjazzen både laurdag og sundag. I tillegg var kunstutstillinga til festivalkunstnaren i gallerirommet i kjellaren på kulturhuset.

## VANGSKYRKJA

I år var det to konserter i vakre Vangskyrkja frå 1277.

### Fredag: Solokonsert med Sigbjørn Apeland

Apeland spelte både på kyrkjeorgelet og sitt eige trøorgel, som han hadde med seg. Det vart lydskattar for det lyttande publikummet, som fekk avslutte den himmelske kvelden med allsong.



Sigbjørn Apeland

FOTO: ÅDNE DYRNESLI, VOSSA JAZZ

*Sigbjørn Apeland sits behind the church's organ fashioning waves of sound so powerful they compress the air. As the arpeggios of one crescendo fade, the next takes its place to aim even higher. In the same setting the female vocal trio Aurom, who focus on the unaccompanied kveding style of story song, are similarly impactful. Both performances are at home in this building, many times restored but first constructed in the 13th century. Sigbjørn Apeland and Aurom feel timeless.*

KIERON TYLER, THE ARTS DESK

### Sundag: AUROM TRIO med Per Jørgensen

Trioen hadde med seg si nye plate til Voss denne ettermiddagen, og laga saman med Per Jørgensen ein interessant og fin konsert som eksperimenterte med kyrkjerommet, samstundes som dei laga si heilt personlege utgåve av den tradisjonelle norske folkemusikken.

*Ekstranummer blei det med Jørgensen på klinkertar, det bergenske svaret på kastanjettar. Han spelte rytmiske figurar og førte dei fire pinnane opp og ned. Trioen og publikum skulle då syngja figurane og gå opp og ned i tonehøgdt alt etter kva tilvisingar frå Jørgensen. Ikkje akkurat ein A4-kyrkjekonsert, men sabla moro!*

LARS MOSSEFINN, SALTPEANUTS.EU



AUROM TRIO med Per Jørgensen

FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ



Randi Pontoppidan

FOTO: ÅDNE DYRNESLI, VOSSA JAZZ

*This year, special attention also turned to notable Danish artists. Randi Pontoppidan has infused the art of solo voice performance (with subtle looping additives), ways somewhat reminiscent of the experimental Norwegian vocalist Sidsel Endresen. As heard in the recharged old 1906-vintage pastor's home-turned-culture house of Kapellankåken, Pontoppidan has honed a vivid and elastic persona – or personae, given the in-the-moment vocal mosaic work making up her particular artistic voice.*

JOE WOODARD, DOWNBEAT MAGAZINE

## KAPELLANKÅKEN

I år var andre året at den nye, intime scena i Kapellankåken vart brukt. Konsertane som var sett opp her høvde nydeleg til dette lokalet.

Laurdag formiddag fekk publikum oppleve den danske vokalisten **Randi Pontoppidan** sitt stemme- og lydlaboratorium. Litt seinare på laurdagsettermiddagen fekk me servert ein var og leiken konsert av **Susanne Lundeng**.



Susanne Lundeng

FOTO: VOSSA JAZZ



## TRE BRØR

Tre brør er ei scene som blir brukt med jamne mellomrom, men det er ei lita stund sidan det har vore konsertar under Vossa Jazz der no. Med nye eigarar og oppussing på gong, var det noko usikkert om det vart konsert oppe eller nede. Det enda med to konsertar nede i dette lokalet til fullt hus begge gonger.

Laurdag ettermiddag var det klart for gratiskonsert med bergensbandet **Vepsestikk**. Bandet spelte for eit ganske så ung publikum som kosa seg.



FOTO: LINA NAVARRO, VOSSA JAZZ

*Laurdag ettermiddag vert konserten runda av til trampeklapp og stormande jubel, og bandet har ikkje anna val enn å dra eit ekstranummer. Ingen greier å sitte stille lenger, og i kjellaren på Tre Brør bryt dansen ut. Noko som er heilt sikkert er at dette er eit band å halda øyrene på stilk for, og for å seie det med orda til Bergens Tidende: «Viss du ikke liker dette, bør du vurdere om musikk er noe for deg.»*

VOSSAJAZZ.NO

Vossa Jazz samarbeida med Tre brør om første førestilling i deira serie med tekstar av **Jon Fosse**. Utdrag frå **Hundemanuskripta** vart framført av skodespelar **Kristine Alida Grønsdal Netteland** med tonefølge av **Heine Bugge** på trekkspel.

## TILBOD FOR ALLE



FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

## SUPERJAZZ

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege til alle. Jazz er tufta på improvisasjon, impulsivitet og speglede. Supergruppo er ein gjeng med framifrå jazzarar med nedsette funksjonsevner som verkeleg lever opp til desse grunnverdiane. For 14. år på rad skipa Vossa Jazz til verkstad og konsert for og med denne målgruppa. Superjazzarane kasta seg ut i musikken si verd med opne armar, og saman med bandleiar, bassist og vokalist **Øystein Lydvo**, og bandet hans som bestod av **Roar Finsås**, **Lasse Tuastad**, **Arne Hydle**, **Aksel Ø. Røed** og **Sjur Hjeltnes** sytte dei for ei herleg og uslipt oppleving for både deltakarar og publikum.

*Supergruppo spelar på mange strengar under sine opptredenar på Vossa Jazz.*

AVISIA HORDALAND





Dei yngste vossajazzarane (og foreldra deira) vart tradisjonen tru utfordra med eit program som baud på både eksperimentell jazz og melodisk allsong. Den skal tidleg krøkast som god Vossajazzkrok skal verta! Samstundes er det viktig å understreka at ein ikkje treng å vera fødd med saksofon i nevane for å ha noko på Badnajazzen å gjera!

VOSSAJAZZ.NO



### BADNAJAZZ

Badnajazz har sidan år 2000 skipa til konsertar og verkstader for, av og med born. Me ynskjer born både på og framfor scena, og det gjeld alle tilskippingane under Badnajazz-paraplyen. I år hadde me ei ny tinging til Badnajazzen, eit verk som er eit samarbeid mellom Senja Barnefestival og Vossa Jazz skriva av **Rasmus Rohde** og **Marthe Valle**. Denne hadde med seg eit barnekor sett saman for anledninga og leia av **Åshild Bøe Kharazmi**.

Medverkande:

**Rasmus Rohde** komposisjon, tekst, gitar og vokal **Marthe Valle** komposisjon, tekst, vokal og tangentar  
**Annlaug Børsheim** fele, gitar **Nawar Alnaddaf** oud **Nasra Ali Omar** perkusjon

# BADNA JAZZ



I tillegg hadde me førestillinga «**Under bakken**» tinga av Vestnorsk Jazzsenter med musikarar tilknytt Vestland. «Under Bakken» er tinga av Vestnorsk Jazzsenter og er ei musikalsk og visuell førestilling som inviterer til undring. Begge Badnajazzkonsertane var svært godt besøkte.

**Signe Irene Time** vokal, piano, komposisjonar **Daiyen Jone Castro** fløyte, perkusjon, vokal  
**Inge Breistein** tenorsaksofon, elektronikk **Fredrik Lühr Dietrichson** bass  
Sigurd Steinkopf – trommer **Birk Nygård** visuelle effektar **Tormod Løvold** regi





Jazzlinja i Trondheim

Vossa Jazz har lenge jobba med å rekruttera ungdom til festivalen, både som musikarar, medarbeidarar og publikum. Det er viktig å utvikla og utvida ulike målgrupper, og dette arbeidet gjev resultat! I 16 år har me hatt besøk av 2. klasse ved **Jazzlinja i Trondheim**, og denne gongen var «**TELL US**» på turné. Som tidlegare år inviterte me ungdom frå ulike skular til gratiskonsert, og med fullt hus av ungdommar og elevar frå vaksenopplæringa i kommunen vart det ein knall tjuvstart på årets festival i Gamlekinoen. Denne gjengen tok og turen og spelte i Gondolane, i tillegg til ein konsert på Hangurstoppen.



FOTO: JULIE INEZ WEINHOLDT, VOSSA JAZZ



FOTO: JULIE INEZ WEINHOLDT, VOSSA JAZZ

*Studenten med celloen heter Selma Edwards Granly (23) og vi møter henne på gondolbanen som dingler over Voss en fredag ettermiddag seint i mars. Hun spiller på vei opp mot Hangurstoppen sammen med to medstudenter under Vossajazz.*

- Dette er kanskje det høyeste stedet du har spilt på celloen din?*
- Haha. Den har aldri vært så høyt opppe som dette, nei. Men den har vært mange andre steder, da. Når jeg har spilt med noen spelemannslag har den vært i gresset, blant annet.*

ØRJAN NILSSON, BERGENS TIDENDE

**Jazzlinja ved Griegakademiet** var og invitert til å spela på festivalen i tillegg til studentane ved **Ole Bull Akademiet**. Jazzlinja ved Griegakademiet spelte konsert i foajeen i Gamlekinoen på laurdag, medan studentane ved Ole Bull Akademiet under namnet **Strengjarhaugen Spelemannslag** spelte i Voss Sparebank fredag ettermiddag.

Som tidlegare hadde me eit godt samarbeid med **Voss Folkehøgskule**. Elevane var med som medarbeidarar under festivalen. Det var ikkje jazzlinje på Voss Folkehøgskule dette året, så det vart dessverre ikkje nokon konsert med desse. Me vil gje honnør til folkehøgskulen som har lagt inn arbeid kring Vossa Jazz i fagplanen til musikklinja, noko som har resultert i eit tett og godt samarbeid og verdifull og relevant kompetanse for elevane. Vossa Jazz har og eit tett samarbeid med Voss Gymnas og musikklinja der.

Arbeidet med å engasjera og inkludera ungdom vil halda fram. Det er ei satsing for Vossa Jazz, og me ser at målretta arbeid gjev resultat gjennom at det i år også var ein monaleg kontingent av yngre publikum.



## ELDREJAZZ

Eldrejazz er ein institusjon i festivalen, og i år var det trioen **Mjøs/Sørheim/Wolski Trio** med **Kjartan Fløgstad** som spelte for denne målgruppa. Det var godt besøkt på konserten på Velferds-sentralen søndag ettermiddag, og noko mindre folk på den noko meir spontane konserten med berre trioen på Opheim. Musikarane skapte eit innbydande musikalsk landskap av durspel, hardingfele og siter med opplesingar av Fløgstad.



FOTO: VOSSA JAZZ

## LITT AV KVART

### KULTURKONFERANSE

I samarbeid med Vossa Jazz, Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører og Creo inviterte Voss herad til kulturkonferanse fredag 22. mars i Voss kulturhus. Konferansen vart leia av Linda Eide. Rolf Røtnes frå Samfunnsøkonomisk analyse lanserte ein rapport om effekten musikklivet har på ein kommune som Voss. Åslaug Sem-Jacobsen (Sp), Åse Kristin Bakk (Ap), Kåre Martin Kleppe (H), Jacob Nødseth (V) og Kathy Lie (SV) sørga for eit politisk kvarter. Frode Grytten hadde eit slåande oppsummerande skråløkk og deltakarane fekk ein eksklusiv smakebit frå årets Tingingsverk signert Hanna Paulsberg.



Vossa Jazz har tradisjon for å samla nettverket og styrka banda mellom bransjen, styresmakter og næringslivet, og i år hadde Norsk Jazzsenter lagt eit høyringsmøte til opningsdagen. Faglege samtaler, drøys og musikk er nett det som bind oss saman!

### SAMTALE MED JOHAN HAUKNES

Nytt av året var at **Johan Hauknes**, skribent i nettmagasinet salt peanuts\* hadde ein samtale med årets Tingingsverkskomponist, **Hanna Paulsberg**. Dette føregjekk laurdag formiddag på Café Stasjonen på Park.

### JAZZNYTT18

Søndag hadde Jazznyttredaktør **Audun Vinger** og Jazznytt18 samtalar kring jazzten og korleis den er til stades på festivalar. Dette blei eit eksklusivt møte med årets festivalopnar **Kjartan Fløgstad**, i tillegg til ein samtale med årets daglege leiar **Laila Melkevoll** og produsent **Ingrid Steinkopf**.

### LITTERATURFRUKOST

I år tok me fram att ein etterspurd programpost der publikum på Café Stasjonen fekk nytta ein betre frukost levert av Park Hotell. Her fekk me høyra **Kjartan Fløgstad** saman med bassist **Ole Morten Vågan** i samspel over ord og tonar.



FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

*Dei som fekk plass, fekk servert litterær kraftkar i verdsklasse. Akkompagnert av Ole Morten Vågan baud ordspelemannen Fløgstad på både due og drone, upubliserte dikt og hits frå Haukeliffell – for ikkje å snakka om ønskereprisen: «Rapprologen» som fredag ettermiddag opna festivalen sat like godt søndag som fredag – like godt i dag og i går, som «Itte på i mårå.»*

VOSSAJAZZ.NO





FOTO: RUNHILD HEGGEM, VOSSA JAZZ

### PRISUTDELING

Kvart år deler Vossa Jazz og Vestland fylkeskommune ut **Vossa Jazz-prisen** som skal gå til ein frilans jazzmusikar frå Vestland som i løpet av festivalåret har gjort seg mest fortent til denne heideren. Den 37. prisen i rekkja gjekk til **Gabriela Garrubo** som slo igjennom som soloartist i fjor. Ho er ein musikar, bandleiar og låtskrivar som har vorte ein viktig del av musikkmiljøet i Bergen samt gjort seg bemerkta både nasjonalt og internasjonalt. Prisen er på kr 50 000 og eit trykk av årets Vossa Jazz-plakat.



FOTO: ANDERS FLATLANDSMO, VOSSA JAZZ

### FESTIVALKUNST

I samarbeid med Voss Kunstlag presenterte me Vossa Jazz-utstillinga i utstillingsrommet til Voss kulturhus. I år var målar, grafikar og gatekunstnar **Ståle Gerhardsen** festivalkunstnar. Festivalutstillinga vart opna av nestleiar i Vossa Jazz, Magne Kalstad, og studentar frå Jazzlinja ved Griegakademiet sytte for ei musikalsk helsing som sette stemninga for både publikum og festivalkunstnaren.



## PRESSE

Vossa Jazz 2024 hadde 17 presseakkrediterte. Konsertopptak av Tingingsverket til Hanna Paulsberg er sendt på NRK og ligg tilgjengeleg i appen. Film frå konserten er under utarbeiding. Avisa Hordaland hadde mykje godt innhald frå Vossa Jazz i samarbeid med anmeldarar frå salt peanuts\*. Av utanlandsk presse kom Joe Woodard frå Downbeat Magazine og Kieron Tyler som skriv for The Arts Desk. Andre media som dekkja festivalen var Bergens Tidende, Klassekampen, Jazznytt og salt-peanuts\*

## DIGITAL PUBLIKUMSUTVIKLING

Festivalen ynskjer å nå ut til så mange som råd og har satsa aktivt på å utvide den digitale marknadsføringa. Engasjerte publikumarar, media og støttespelarar bidreg også til den digitale spreinga. Vossa Jazz sine nettsider inkludert videoar på Youtube hadde i 2022 og 2023 om lag 200 000 visningar på nett. Søk på nettsidene til Vossa Jazz hadde 16 200 visningar. I 2023 og 2024 var desse tala slik: Visningar av nettsida og videoar på YouTube var på om lag 850 000, og søk på nettsida hadde 37 500 visningar. Facebook og Instagram er dei daglege kommunikasjonskanalane for å nå ut. Ein har per i dag 12 100 følgjarar sidan ein oppretta Facebook-sida, og 6100 i rekkevidde på dagleg basis. På Instagram har ein 3500 følgjarar. Vitjingar på Facebooksida har i år gått opp med 47% og 12,6% på Instagram.

## ØKONOMI – OFFENTLEGE TILSKOT

Festivalen fekk kr. 2 600 000 frå Kulturdirektoratet, kr. 532 000 frå Vestland fylkeskommune og kr. 400 000 frå Voss herad i driftstilskot for 2024.

For Vossa Jazz er driftstilskota avgjerande for at me kan halda på profilen vår og utvida og vidareutvikla det kunstnarlege arbeidet. Me ynskjer å yta rettferdig betaling for alle kunstnarar og held satsane for det frie feltet. Auka løyvingar frå det offentlege er med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og langsiktig planlegging. Vi vonar at tilskota i framtida vil spegla dei auka kostnadane i samfunnet. Festivalen representerer eit viktig bidrag til kulturnæringane i regionen og er ei sær s ettertrakta scene innan vårt felt.

## VOSSA JAZZ-FAMILIEN

**Festivalrådet** gjennomfører festivalen kvart år, er hjartet i verksemda. Departementsjefar for 2024-festivalen: Silje Svartveit, Trude Wiese-Hansen, Ingrid N. Mathisen, Gulla Solstad, Kari Anne Hommedal, Synnøve Balabanian, Hege Kvarekvål, Inger W. Seljestad, Are M. Sandvik, Nils Erik Auth, Ingunn Vethe, Terje Støve, Nina Trana, Tonje Merkesdal, Ådne Dyresli, Ellen Harrison, Jan Stedje, Solfrid Himle, Berit R. Lorentzen, Gaute Ullestad Moen.

**Styret** har for året 2023-2024 vore sett saman av: Hilde Magnusson - styreleiar, Magne Kalstad - nestleiar, Berit Lorentzen Reppen, Ingrid Nestås Mathisen og Mats Indrehus – styremedlemar, Anders Ullestad og Are Mossefinn Sandvik – varamedlemar.

**Programnemnd** vart etablert i 2023 for å setja det kunstnariske programmet. I nemnda sat Jan Granlie, Berit Opheim, Marius Klovning og Magne Kalstad saman med administrasjonen i Vossa Jazz.

**Administrasjonen** som laga 2024-festivalen var Laila Melkevoll – festivalsjef og Ingrid Steinkopf – produsent. I tillegg var Ann Christin Nøss, Evelyn Borge, Janne Bolstad og Irene Tillung tilknytta festivalen på prosjektbasis.

*Beyond the generally strong and diverse programming in Voss, the place itself has a powerful allure.*

JOE WOODARD,  
DOWNBEAT MAGAZINE.



## OPPSUMMERING

Konklusjonen for Vossa Jazz 2024 er at festivalen atter ein gong vart særers vellukka, både kunstnarisk og når det gjeld tilbakemeldingar frå publikum. Programmet hadde høg kvalitet, stor breidde og som alltid MANGE nyskapingar.

Vossa Jazz er stolte over å levera ein festival som samsvarar med profilen vår innan jazz og folkemusikk påverka av heile verda og som er eitt av lokomotiva når det kjem til nyskapingar og urframføringar innan norsk jazz.

Vossa Jazz har eit godt samarbeid med mange aktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Me vil særleg trekkja fram Vossa Jazz-lauget bestående av mange lokale verksemdar som kvart år gir eit monaleg bidrag til festivalen. Andre sponsorar bidreg også til festivalen både økonomisk og gjennom gode avtalar for tenester og varer.

Den viktigaste ressursen me har er likevel heile den frivillige organisasjonen som bidreg til planlegging og praktisk gjennomføring av heile festivalen. Eit estimat av tida dei legg ned er heile 3500 timar, som er vel to heile årsverk. Dugnadsånda er imponerende, og er hjartet i Vossa Jazz.

Me er særers glade for at artistar, gjester og publikum melder om ein spanande festival med gode vilkår for flott musikk og unike opplevingar. Vossa Jazz skal vere ei totaloppleving av sterke inntrykk – alltid med hjartet på rette staden.

På vegner av Ingrid Steinkopf og underteikna – tusen takk for i år og takk for oss!

Voss, august 2024

**Laila Melkevoll**

Avtroppande dagleg leiar



**Velkomen til Vossa Jazz 2025, 11. – 13. april!**





Det var 7891 betalte konsertbesøk. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total om lag 12 500 arrangementsbesøk.







197 knallgode medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz 2024 gjekk på skjener.





# VOSSA JAZZ

22.-24. mars 2024

Tingingsverket:

Hanna Paulsberg «Do you want my job?»

Nye tingingar:

Gabriel Fliflet «I lys loge»

Badnazz Rasmus Rhode og Marte Valle «Hala og Pappa»

Bergen Big Band med Shannon Mowday «Colourful Houses»

Opningskonsert:

Øyunn «Aspects»

ARAS Air Play Aruán Ortiz & Rob Waring «Til Grete» Aksel Røed – Død Sjø

Jazznytt 18 AUROM TRIO m/Per Jørgensen Badnazz: Under bakken

Best Western Swing BOI AKIH EldreJazz: Mjøs/Sørheim/Wolski Trio

Emmeluths Amoeba Gabriela Garrubo Griegakademiet Horse Orchestra I.P.A.

Jazzlinja, NTNU Trondheim «Tell us» Johan Henden «Hundemanuskripta» av Jon Fosse

Karin Krog & The In Between Times Karja/Renart/Wandering Trio Kjørtan Fløgstad

Maridalen Marius Neset Quintet Mirror Image Murrey/Håker Flaten/Nilsen-Love Nelly Moar

OJKOS m/Knut Kvifte Nesheim «Graosido» Ole Mofjell & 3 Days of Maceration - jamvert

Ole Bull Akademi «Strengjarhaugen Spelemannslag» Trøen/Arnesen Quartet - jamvert

Litteraturfrukost Randi Pontoppidan Resjemheia Shamania Sigbjørn Apeland Susanne Lundeng

Ole Morten Vågan Superjazz: SuperLydvo og Supergruppo Vepsestikk William Parker trio

Plakatmotiv av Vossa Jazz-kunstnar Ståle Gerhardsen